



Arkivnr: 2014/11976-40

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

<u>Utval</u>	<u>Saksnr.</u>	<u>Møtedato</u>
Utval for miljø og samferdsel		14.01.2016
Fylkesutvalet		29.01.2016

Nedlegging av omlagt fylkesveg forbi Baroniet og nedlegging av gamal Fv. 53 gjennom Baroniet i Rosendal, Kvinnherad kommune

Samandrag

Etter veglova § 7. 1 ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen ligg, skal gje uttale førendeleg vedtak vert gjort.

Saka gjeld Fv. 53 til Baroniet i Rosendal, Kvinnherad kommune, og er todelt. Nedlegging av Fv. 53 gjennom Baroniet og omklassifisering av fylkesveg frå kryss ved Fv.53 og fram til kommunal veg ved Hatteberg.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er forhold som tilseier at desse vegane skal være fylkesveg lengre, og vil tilrå at desse får endra status.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 53 Hp vert nedlagt som offentleg veg mellom km 0 – 0630 og overført til grunneigarane som privat veg, vederlagsfritt.
2. Fylkesutvalet vedtek at omlagt fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv.53 hp 1 km ,440 fram til eksisterande kommunal veg (KV98047) mot Hatteberg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.12.2015


Etter veglova § 7. 1 ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Saka gjeld Fv. 53 til Baroniet i Rosendal, Kvinnherad kommune, og er todelt;

1. Nedlegging av Fv. 53, HP 50, gjennom Baroniet.
2. Omklassifisering av omlagt fylkesveg forbi Baroniet til kommunal veg.

1. Nedlegging av gammal Fv. 53 gjennom Baroniet.

Arm av Fv. 53 (allèen) gjennom Baroniet er fysisk stengd og trafikken til Hatteberg går nå i samsvar med reguleringsplanen. Statens vegvesen finn det naturleg ut frå vegens funksjon at vegen gjennom Baroniet vert nedlagt som offentleg veg og overført til private.



Anbefalinga frå Statens vegvesen er å overføre vegen vederlagsfritt til grunneigarane. Fylkesrådmannen er samd i tilrådinga.

2. Nedklassifisering av omlagt fylkesveg forbi Baroniet.

I samband med at det skulle opparbeidast ny parkeringsplass til Baroniet i Rosendal, skulle vegen leggjast om. Det vart utarbeid reguleringsplan for omlegging av fylkesvegen. Vegen er no ferdig utbygd.



Kommunen har gitt uttale i saka i brev av 5.mai 2015 (jf. vedlegg 2). Statens vegvesen og Kvinnherad kommune har vore på synfaring på den delen av vegen som går frå Fv. 53 hp 1 km 0,440 og som går til kommunal veg (KV98047). Før vegen blir overlevert krev Kvinnherad kommune at vegen blir satt i stand i samsvar med notat frå synfaringa, datert 14.08.2015 (jf. vedlegg 2).

Kostnadene for å sette i stand vegen før Kvinnherad kommune overtak vegen, här Statens vegvesen rekna til om lag 100 000,-kr. Fylkesrådmannen vil påpeika at kostnadsanslaget er usikkert, men at det uansett er mindre kostnader det er snakk om.

Statens vegvesen foreslår at fylkesvegen gjennom Baroniet blir nedlagt, og overført vederlagsfritt til Den Weis-Rosenkronske Stiftelse. Fylkesrådmannen kan ikke sjå at det er hensiktsmessig å oppretthalde vegen som fylkesveg lengre og er einig i tilrådinga frå Statens vegvesen og at vegen blir overført vederlagsfritt.